

# Forskrift om smittekarantene for husstandsmedlemmer og tilsvarande nære

Ålesund kommune har innført lokal forskrift gjeldende fra 20. november og frem til 3. desember kl. 24.00.

Onsdag denne veka sendte vi ut informasjonsskriv til føresette om jamnleg testing for elevar. Eit vedlegg til skrivet ga informasjon om nye nasjonale reglar og anbefalingar om testing for husstandsmedlem og tilsvarande nærkontaktar. Den lokale forskrifta som no er vedteken går framfor nasjonale reglar og råd. Informasjonen gitt i omtalte vedlegg er av den grunn ikkje lenger gyldig. **Gjer vel og les om kva forskrifta inneheld av endringar for husstandsmedlem og tilsvarande nærkontaktar, uavhengig av vaksinestatus og alder.** Vi minner om at «husstandsmedlemmar og tilsvarande nære» er personar som bur i same heim, andre familiemedlemmar med nær kontakt, kjærestar eller overnattingsbesøk og liknande.

## **Smittekarantene for husstandsmedlem og tilsvarande nære**

Frå forskrifta: Husstandsmedlem og tilsvarande nære (eksempelvis kjærast) til en person med påvist SARS-CoV-2 skal i karantene i 7 dagar frå testdato hos påvist tilfelle. Karantenen gjeld for fullvaksinerte, delvaksinerte og uvaksinerte i alle aldrar. Det er ikkje mogleg å teste seg ut av denne karantenen.

Husstandsmedlemmar og tilsvarande nære skal i karantenetida testast minst to gangar med pcr-test ved kommunen sin teststasjon. Siste test skal vere tidlegast på dag 5 av karantenen.

## **Unntak frå smittekarantene gjeld desse**

- a) Personar som har fått oppfriskingsdose (dose 3) med koronavaksine meir enn 1 veke tidlegare.
- b) Personar i husstanden som har vore smitta med SARS-CoV-2 dei 3 siste månadane.
- c) Helsepersonell som er kritisk for kommunen sin evne til å yte forsvarleg helsehjelp kan be om fritak/fritakast frå karantene i arbeidstida, men dette må avklarast med arbeidsgivar for kvart tilfelle. Helsepersonellet skal ha negativ test før oppmøte på arbeid i tillegg til å følgje testintervallet gitt over. Det skal også nyttast munnbind på jobb.

## **Kva gjeld for ein person i karantene?**

Den som er i smittekarantene skal halde seg heime eller på anna egna stad, utan kontakt med personar utanfor husstanden. Det tillatast berre å gå på arbeid i situasjonar der vedkommande jobbar aleine utan direkte eller indirekte kontakt via felles gjenstandar med andre menneske, og kan kome seg til og frå arbeidsplassen utan å treffe andre. Det er ikkje tillat for personar i karantene å nytte offentleg transport.

Det er tillate å opphalde seg utandørs om vedkommande kjenner seg heilt frisk, og held minst to meter avstand til andre menneske ved passering. Om ein ikkje får andre til å gjere

naudsynte innkjøp, tillatast korte besøk i matvarebutikk eller apotek. Det må då nyttast munnbind, og ærendet må søkast gjort på tidspunkt med lite pågang.

### **Kva med øvrige nærkontaktar?**

Øvrige nærkontaktar er dei som ikkje har kontakt på nivå med husstandsmedlem eller tilsvarande nære, men som i løpet at 48 timer før den smitta har symptom eller positiv test har vært mindre enn 2 meter unna i mer enn 15 minutt. Det vil også gjelde ved direkte fysisk kontakt uavhengig av varigheit at denne. Dette kan til dømes medføre at klassekameratar er øvrige nærkontaktar ved smitte hos medelev. **Den lokale forskrifta har ikkje ført til endringar for øvrige nærkontaktar.** Her gjeld framleis dei nasjonale råd og reglar:

#### *Råd til deg som er øvrig nærkontakt*

- *Er du fullvaksinert eller har gjennomgått Covid-19 siste 12 måneder, bør du følge med på helsetilstanden din i 10 dager. Ha lav terskel for å teste deg dersom du får symptomer.*
- *Er du uvaksinert eller delvaksinert, bør du ta en test så snart du får beskjed om at du er øvrig nærkontakt.*